

Bleiken (gnr. 144-145)

Bløykin: Namn som sikkert kjem av bleikr, bleik, lys av farge, samansett med vin, eng, engvoll. Skrivemåten av namnet har vore svært skiftande.

Det eldste minne om manns ferd på Bløyken er elles eit fornfunn av spjutspiss frå eldre jernalder.

Etter Gerhard Schøning er "Bløykina Sokni Foldabu" nemnt i eit diplom av 1303. Saxe Toreson og Peter Torgeirson vitna da at dei hadde vore i Halvards Kirkiu i Oslo da Gudrid Jonsdotter gav Anders Haraldson sitt Umbod å selja det ho åtte i Øystasthæ garenom i Hlid som "ligger i Bløykina Sokn i Foldabu". Da er vi altså så langt attende i tida at grensa mellom Fåberg og Gausdal enda var ei anna enn nå. – Gerhard Schøning fortel så vidare dette om "Bleken". "Bleken som nu bestaaer af 4 Gaarde, der til sammen skylde 7 Huude, har tilforn ligget til Foldebo, og paa den Gaard er af Bryniolfur Wesætason oc Holmer Ericzson, udstædt et Brev, at paa Skisogkarud (mon nu værende Kasterud?) som laae næst norden for Ronarudhi - - og aat Riupabækkenom. - - I seenere Tiider, finder eg, at denne Gaard Bløyken har været et Herre-Sæde, og er bleven giort til en Hovud-Gaard, og det af Thiostoll Baardtson, til Blegenn, Laugmandh paa Oplandum, udstædt af Statholder Axell Gyldenstien, Anno 1589, hvori han i Følge af K. Frederik den anden de Norske givne Rettebøder, tilstaaer benevnte Thiostæll Baardtson, at bemeldte Blegenn, som hans Sædegaard maatte være frie, for alle kongelige Tyngsler og Besværinger, liige med andre Adelens Hovedgaarde i Noreg." Dette vart skrive av Gerhard Schøning på reise til Gausdal i år 1775.

Vidare vil ein finne garden "Blegenn" i Fåberg nemnt i år 1528. Det var da to grannegardar med dette namnet, og Erich var brukar på den eine garden og Oluff på den andre, både betalte den utlikna ekstraskatten Gjengjerdene med sjølv, Oluff med 1 lod sølv og Erich med $\frac{1}{2}$ marck sølv. Elles låg det nok framleis skattefridom til Bleiken-gardane, og dei er sjeldan å finne i dei eldste skattelister.

Bleiken-gardane er såleis heller ikkje nemnde i manntalet for Bygningsskatten 1594. Derimot vart det i 1604 utreidd tiendekorn med $3 \frac{1}{2}$ tonne av garden "Blege" og $2 \frac{1}{2}$ tonne av "Bleckuindt". Frå tjuge år seinare er det i 1624 opplyst at "Gudmund Blegind" var leiglendingebonde på den eine garden, og Lauridz var leiglendingebonde på grannegarden "Blegind". Ingen av desse to er ført blant odelsbønder verken i 1615 eller i 1624. Det er derimot "Ingrj Blecke", som i 1624 er ført blant "Jordeigendes Bønder" og åtte jordgods til 9 skinn landskyld i "Disserud" og 3 skinn skyld i "Jungerudt".

Etter "Mand og Quindetalls Register 1645" var det da framleis 2 gardar "Blegind", og Sophie var brukar av den eine og Johannes av den andre. Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av "Kvegskatten 1657". Der er det såleis fortalt at buskapen hos "Engebret Blegind" da var: 1 hest, 2 hopper, 14 naut og 18 sau. Johannes Blegind hadde derimot: 1 hest, 2 hopper, 13 naut og 14 sau. Ein merker seg at dei to gardane etter det så å seia var like store. Om brukaren Johannes Blegind er det dessutan i "Oudels Jordbog Anno 1657" vidare fortalt at han var odelseigande bonde av 1 hud i grd. Aanstad i Follebu. –

Dei to brukarane Engebret og Johannes var framleis brukarar av kvar sin Blegind-gard også ved Mandkjønsmanntalet 1665. Det er da fortalt at den mannlige arbeidskrafta på gardane var: a. hos Engebret, som eigentleg heitte Engebret Ottersøn og var 60 år, sonen Otter, som var 18 år. B. På den andre Blegind-garden heitte brukaren med farsnamn: Johannes Pedersøn, og alderen på han var d 48 år. Han hadde og ein son i den militære utskrivingsalderen: Amund Johannesson, 16 år. Dessutan var det der ein gammal husmann med det uvanlege kjenningsnamnet "Finde", "Erik Finde, 96 år."

Etter folkeminne blir det elles fortalt at det på Bleiken, har vore, og visstnok framleis er, eit jorde som blir kalla Kjørkjejordet, og stabburslåset på midtre Bleiken skal vera det gamle

kyrkjelåset. Det blir og fortalt at det i fjøsmuren på søre Bleiken skal vera eller har vore Stein som er kjørt dit frå kyrkjegarden.

Med dette om Bleiken-gardane i mellomalderen som ei felles innleiing går vi så over til å sjå litt nærmare på soga åt dei to gardane. Bleiken nordre og Bleiken søre kvar for seg.

Bleiken nordre

13. mai 1681 vart det ved tinget på ”Melle i Faaberg” lese to skjøte som her er av interesse. Det eine skjøtet var frå hr. amtmann Bielche til Oluff Tollufsen Blegind på 1 ½ hud 3 skinn i ”Nordre Blechind her i Sognet”. Det andre skjøtet var til Ellef Engebretsen Bleegind også på 1 ½ hud 3 skinn ”i hans paaboende gaard nordre Blegind.”

Dermed var altså nordre Bleiken vorte delt i to like store gardsbruk av same namn, og vi kjenner og namna på eigarane på både gardane.

I og med matrikkelframlegget av 1723 kom det fleire og nyare opplysningar om gardane. Det var da i alt 4 Bleegin-gardar, og alle av same skyld: 1 hud 9 skinn. Bleiken nordre var delt i Nordre ”Bleegen” nistua, som Hans Pedersen var eigar og brukar av, og Nordre ”Bleegen” oppistua, der Tore Amundsen var oppsittar. Det er da vidare fortalt at buskapen på kvar av desse gardane var: 2 hestar, 18 naut og 16 sauer, og at den årlege utsæd på kvar av gardane var kring 4 ½ tønne bygg og litt rug. Dei hadde skog til brenneved og gjerdafang og seter med god hamn. Den årlege høyavlinga utgjorde på kvar av gardane kring 22 lass, og det er elles oppgitt at gardane ligg i sollia, at dei er lettbrukte, og at jordarten der er god.

Oppsittaren Tore Amundsen på Nordre Bleiken øvre var gift med Ingri Tordsdr., som elles før hadde vore gift med Ellef Engebretsen. Tore Amundsen og Ingri hadde to søner. Dei var: 1. Tord Toresen f. 1698, 2. Amund Toresen f. 1704.

Faren Tore Amundsen vart elles ingen gamal mann. Han døde i 1728, og 16. januar same år var det skifte på ”Blegen i Faaberg”. Ved dette skiftet var jordegodset Blegen av skyld 1 hud 9 skinn medrekna i skiftebuet, som dermed utgjorde brutto 314 rd. og netto 283 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingri Tordsdr. dei to sönene Tord Toresen og Amund Toresen.

Av 1737 er ei sak som tydeleg fortel om kven som da var eigarar og brukarar på Bleiken nordre. Saka er etter utskrift av tingboka framstelt slik:

”Bleiken nordre i Fåberg.

Tord Toresen Nordre Blegen Nedre Stue og Hans Pedersen Nordre Blegen Øvre Stues kontrakt om skjelne og dele på akar og eng indengjerdes, så enhver herefter bruker sitt tilfaldne efter kontrakten.” kontrakten er datert 28. septb. 1736 og vart tinglese på Fliflet 16. febr. 1737.

Tord Toresen, som da hadde tatt over som husband på Nordre Bleiken nedre, var gift med Marit Larsdr. Land, og dei hadde 8 born. Dei var: 1. Tore f. 1731, 2. Lars, døypt 19. des. 1733, 3. Mari, døypt 2 sept. 1736. 4. Marit, døypt 5. april 1739, g. 1760 m. Jens Sveinsen Arlien, 5. hans, døypt 23. juli 1741, g. 1776 m. Guro Kristensdr. Grønljen, 6. Ragnhild, døypt 29. nov. 1744, 7. Peder, f. 1747, g. 1774 m. Mari Haagensdr. Hond, 8. Ole, f. 1749, g. 1782 m. Sofie Hansdr. Prestrud.

I år 1737 var det og stort omskifte på Nordre Bleiken oppistua. Den velkjende husmora der Anne Olsdr. Bleikje var død, og det var arveskifte etter henne. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet med garden irekna brutto 342 rd. og netto 285 rd., og arvingane var forutan enkemannen Hans Pedersen dei 8 born i ekteskapet. Og borna var: 1. Peder, 20 år, 2. Imbiør, 38 år, 3. Ragnild g.m. Christen Gruen, 4. Sigrid, 33 år, 5. Kari, 30 år, 6. Ingeri, 28 år, 7. Beret, 26 år, 8. Mari, 17 år. Det hadde, som ein ser, vore 6 døtre før gardguten kom. Eit halvt år etter skiftet fekk så broren Peder Hansen samsøkskenskjøte på ”Nordre Blegen Øfre Stue” framleis av skyld 1 hud 9 skinn.

Men den nye husbanden på Oppistuga Bleikje, Peder Hansen, som i 1739 hadde gifta seg med Tora Christensdr., fekk den store sorg at kona hans døde alt i 1743, berre 28 år gammal. Ved

skiftet i samband med dødsfallet er det opplyst at garden da vart taksert for 200 rd., og at Peder og Tora i sitt ekteskap hadde ei dotter, Anne Pedersdtr., som ved skiftet var 1 ½ år. Enkemannen Peder Hansen gifta seg i 1744 oppatt med Aasta Rasmusdtr. Besserud, og dei fekk i sitt ekteskap 8 born. Dei var: 1. Anne f. 1740, 2. Hans f. 1745, 3. Tora f. 1747 død 1749, 4. Beret f. 1750, 5. Sessel f. 1753, 6. Ingrid f. 1755, død 1756, 7. Rasmus f. 1758, død 1762, 8. Kari f. 1761, død 1783. Ein merker seg her som elles dei mange dødsfall blant born i dei tider.

Av år 1751 er to saker om husmannsplassar under Bleiken nordre. Tord og Peder Blegen gav da isaman bygselseddel til Lars Jonsen på ”en deres eiende gård Blegen til og underliggende husmannsplads Dammen kaldt i gårdenes hjemhage beliggende”. Samtidig gav og Tord og Peder Blegen isaman bygselseddel til Siver Erichsen på ”en deres gård Blegen til og underliggende husmannsplads Siurs Stuen kaldet under Blege beliggende”.

Av året 1755 er ei stor åstedssak som her er av stor interesse, og som etter utskrift a tingboka har denne ordlyden:

”Bleiken Nordre i Fåberg. 10. juli 1755.

Åstedssak.

Oppsidderne på Nordre Blegen, Tord Toresen og Peder Hansen har innstevnt Engebret Olsen Ellingsberg som eier av grd. Holen, Holens bruker Poul Amundsen, Ole Larsen Land som eier av grd. Land og halve Holen Ødegaard, Christen Gruen som eier av den annen halvdel i Holen Ødegaard, samt Christen Gruens barn, ang. den skade av prejudice som citanterne er tilføiet på deres eiendele av de innstevnte.

Forlik 11. juli: Citanterne afstår et stykke jord og mark av den påstevnte hjemhage til Ole Land efter en beskrevet delelinie. Det som ligger søndenfor denne linie blir Nordre Blegens eiendom, og det som ligger nordenfor skal tilhøre grd. Land. Haffelde opprettes av begge parter med like andel. De gamle veie forblir i sin nuværende stand undtagen den nederste grind som tillukkes. Den vei som er tilstått grd. Holen er ikkje åpen for andre. Ole Land betaler Citanterne 10 rd. i omkostninger.

Avsagt: Det inngaaede forlik bør i alle dele holdes.”

To år seinare selde i 1757 ved auksjonsskjøte Peder Hansen grd. Nordre Blegen øvre til ”den høistbydende Siver Pedersen Iverslie av Gausdal for sum 472 rd. Med i handelen var vidare ”en del Kondisjoner som kjøperen skal svare Peder Hansen og hustru Aasta Rasmusdatter så lenge disse lever.” Ein merker seg elles at ved denne handelen var det sorenskrivar Ziegler som administrerte auksjonen.

Den nye eigaren av garden, Syver Pedersen, hadde elles Nordre Bleiken øvre berre eitt år. Da skjøta han ”Nordre Bleegen” vidare til Elling Pedersen Tollersrud og arvingar for kjøpesum 450 rd. + framfødsel til Imbiør Hansdtr. Kjøparen Elling Pedersen flytte visstnok til Bleiken, men etter atter to år selde han så Bleiken nordre øvre tilbake til odelsmannen Peder Hansen Blegen for kjøpesum 495 rd. I samband med denne handelen lånte kjøparen Peder Hansen 600 rd. av Amund Korsrud og Siver Præsterud som pant i ”Bleegen Nordre” framleis av skyld 1 hud 9 skinn.

Året etter var det i 1761 brukarskifte på Nordre Bleiken nedre. Tord Toresen, som da var ein gamal mann, skjøta 21. april same år odelsgarden Nordre Bleiken til sonen Lars Tordsen f. 1733 for kjøpesum 450 rd. og føderåd til foreldra.

Lars Tordsen f. 1733, som dermed tok over som eigar og brukar av Nordre Bleiken nedre, gifta seg i 1762 med Sofie Hansdtr. Presterud f. 1745, og dei fekk 4 born. Dei var: 1. Marit f. 1763, 2. Tord f. 1766, 3. Aasta f. 1770, 4. Hans f. 1774.

På Nordre Bleiken øvre var derimot Peder Hansen framleis eigar av garden i 1766. Han lånte da. 600 rd. Av Ole Amundsen Forset mot årleg rente 4% og 1.pr.pant i hans ”eiende gård

nordre Blegen av skyld 1 hud 9 skind". Av året etter er elles ei kontrakt som her kan vera av interesse, og som etter utskrift er sålydande:

”Blegen.

Kontrakt dat. 13. febr. 1767 tgl. 18. juni s.å.

Lars Thordsen og Peder Hansen begge boende på gården Blegen i Fåberg Prestegjelds hovedsogn har inngått sådan kontrakt, at den bekk som har hatt sitt løp nedover ved Lars Thordsens huser og eiendeler skal for eftertiden mottas av Peder Hansen ned over hans eiendele og aker jord, hvorimod han har nydt av Lars Thordsens aker jorde en rem som er 2 al. bred og 16 stenger langt nedefter fra Peder Hansens gårds huse, hvor gjerde eller skigard for ettertiden skal opsettes.”

Men året etter gav så i 1768 Peder Hansen Blegen skjøte til eldste sonen sin, Hans Pedersen, på ættegarden Nordre Blegen av skyld 1 hud 9 skinn for sum 600 rd. og årleg føderåd til foreldra.

Hans Pedersen f. 1745, som dermed spente i som eigar av Bleiken nordre øvre, gifta seg i 1782 med Inga Amundsdtr. Ersgaard f. 1763, og dei fekk 10 born. Det var: 1. Amund f. 1783, 2. Aasta f. 1785, g. 1807 m. Lars Pedersen Huse, 3. Ole f. 1787, 4. Eli f. 1790, g. 1817 m. Halvor O. Alfsberg, 5. Ingeborg f. 1792, død 1797, 6. Anne f. 1795, g. 1817 m. Jens Larsen ruven, 7. Sønnøv f. 1797, g. 1834 m. Peder Olsen Roterud f. 1793, 8. Iver f. 1800, g. 1826 m. Johanne Jonsdtr. Hølen f. 1804 Nymoen, 9. Ingeborg f. 1803, g. 1825 m. Kristen Olsen øvre Mitjørstad, 10. Berte f. 1806, g. 1829 m. Peder Olsen Kirkerud f. 1807 Bjørge.

Om eit makeskifte på Bleiken nordre fortel ei tinglyst sak, som etter utskrift har denne ordlyden:

”Blegen.

Makeskifte dat. 15. mai 1772 tgl. 18. juni s.å.

Mellem Lars Tordsen Nordre Blegen og Nedre Stue og Hans Pedersen ibidem øvre Stue på sådan måte: skal Lars Tordsen Blegen til evighet under sin gård beholde den nordre del, Engeløsen husmannspladsen Syverstuen og den øverste del av innhegninga. Skal Hans Pedersen til evig tid beholde under sin gårdepart til bruk og benyttelse den søndre del av øverjordet, Kalveløkken, husmannspladsen Dammen og den nedre del av innhegninga. Hver av dem nyder de sedvanlige veie over begge parters eiendele, og de gjerder som skal opprettes mellom bemeldte dele skal hver holde den halve del av like Lengde.”

På Nordre Bleiken nistua brukte Lars Tordsen garden til i 1795. Da skjøta han ættegarden over til Hans Larsen f. 1774 for kjøpesum 989 rd. + føderåd til foreldra Lars Tordsen og Sofie Hansdtr. – Sonen Hans Larsen som dermed tok over, gifta seg med Anne Hansdtr. Gruen, og dei fekk i sitt ekteskap 9 born. Dei var: 1. Sofie f. 1796 g. 1826 m. Christen Nilsen Stræte, Glomen, 2. Ingeborg f. 1799, 3. Marte f. 1801, g. 1827 m. Anders Ellingsen Aanstad v/Bleiken, 4. Lars f. 1804, g. 1828 m. Eli Pedersdtr. Prestrud, 5. Hans f. 1807, 6. Torine f. 1809, g. 1833 m. Ole Jonsen av Fron, 7. Iver f. 1812, 8. Anders f. 1815, 9. Anne f. 1819, g. 1852 m. Ole Johs.sen v/Torgersrud.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da i alt 6 familiar på Nordre Bleiken, 2 familiar på øvre garden og 4 familiar på nedre. Dei var: På Blegen nordre øvre:

1. familie: 1. Hans Pedersen, husbonden, 56 år, 2. Inga Amundsdtr., kona hans, 41 år. 3. Amund Hansen, son deres, 19 år, 4. Ole, son deres, 14 år, 5. Iver, som deres, 1 år, 6. Aasta, dotter deres, 16 år, 7. Eli dotter deres, 11 år, 8. Anne, dotter deres, 6 år, 9. Sønnøv, dotter, 4 år.

2. familie: 1. Ole Halvorsen, husmann med jord, 45 år, 2. Sidsell Pedersdtr., kona hans 48 år, 3. Halvor Olsen, son deres, 8 år, 4. Peder, son deres, 5 år, 5. Aasta dotter deres 14 år, 6. Tora, dotter deres, 11 år, 7. Engebret Engebretsen, legdbarn.

På Bleiken nordre nedre:

1. familie: 1. Hans Larsen, husbonden, 27 år, 2. Anne Hansdtr., kona hans, 24 år, 3. Sofie Hansdtr. Dotter deres, 5 år, 4. Ingeborg, dotter deres, 2 år. 5. Peder Olsen, tenestkar, 17 år, 6. Amund Olsen, tenestgut, 11 år. 7. Mari Pedersdtr., tenestkvinne, 30 år, 8. Thora Pedersdtr., tenestkvinne 21 år, 9. Sigrid Olsdtr., tenestkvinne, 17 år.

2. familie: 1. Lars Tordsen, føderådsmann, 68 år, 2. Sofie Hansdtr., kona hans, 56 år, 3. Marit Hansdtr., legdkvinne, 84 år.

3. familie: 1. Guri Olsdtr. m legdkvinne, 76 år, 2. Ole Jensen, blind, son hennes, 31 år, 3. Agnete, blind, dotter av Guri, 42 år.

4. familie: 1. Ole Syversen, husmann med jord, 54 år, 2. Maren Madsdtr., kona hans, 49 år, 3. Svend Olsen, son deres, 13 år, 4. Ole, son deres, 9 år, 5. Martha, dotter deres, 6 år.

Sju år seinare gav i 1808 Hans Pedersen Blegen skjøte til eldste sonen sin, Amund Hansen, på ”øvre Blegen” framleis av skyld 1 hud 9 skinn for kjøpesum 1000 rd. – Den nye brukaren og husbond Amund Hansen gifta seg i 1810 med enka Beret Eriksdtr. Opjordet, og dei fekk 3 born. Det var: a. Ingeborg f. 1812, b. Hans f. 1814, g.m. Matea Gundersdtr. S. Fougner, c. Kristian f. 1816, g. 1857 m. Oline Jonsdtr. sore Bleiken f. 1820.

Føderådsmannen Hans Pedersen døde elles alt året etter, og 23. des. 1809 var det atter skifte på ”Blegen Øvre i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Bleiken øvre, taksert for 1000 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1700 rd. og netto 1145 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Inga Amundsdr., dei 9 borna som før er nemnde, og som framleis alle var i live.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Blegen Nordre” fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 20 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 66 tønner. Tilsvarande var da buskapen på ”Blegen Øvre”: 4 hestar og 20 naut, og den årlege kornavlinga kring 70 tønner. Same året er det elles opplyst at Hans Larsen Blegen lånte 300 spd. i den nye Noregs Bank mot pant i ”Nordre Blegen”.

Ti år seinare gav i 1829 husbonden Hans Larsen skjøte til sonen Lars Hansen f. 1804 og hustru Anne Hansdtr. – Etter atter seks år var det i 1835 brukarskifte på ”Blegen øvre”, der enka Beret Eriksdtr. da skjøta garden vidare til sonen Hans Amundsen f. 1814.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Samtidig vart den bløte konsonanten g i gardnamnet skifta ut med k til Bleken. Vidare vart det ved matrikuleringa den nye matr.skyld av Bleken nedre, der Lars Hansen var oppsittar, sett til 8 skylddalar 4 ort 3 skilling.

Tilsvarande vart så den nye matr.skyld av Bleken øvre, der Hans Amundsen var oppsittar, sett til 9 skylddalar 13 skilling.

Lars Hansen brukte så Bleken nedre til i 1842, da han skjøta garden til Christopher Christensen. Unntatt ved denne handelen var elles plassen Endløden, som Lars Hansen og kona hans skulle ha som brukande føderåd resten av levetida. – Tjuge år seinare var i 1862 Christopher Christensen død, og enka Sidsel Simensdtr. Blegen med verge gav da skjøte til sonen Christen Christophersen på grd. Bleken nedre og Nordødegården for kjøpesum tilsm. 1600 spd. + føderåd verdsett til 300 spd.

På Bleken nordre øvre var det i 1850-60-åra fleire skyldsetningsforretningar. I 1851 var det såleis makeskifte mellom Hans Blegen og Gulbrand Paulsrud av seterbol, og i samband med dette vart 3 ort fråtrekt hovudskylda. I 1860 vart ein parsell engeland, Lilleringen, fråskilt

garden og selt av Hans Amundsen til Anders Ellingsen. Vidare gav i 1864 Hans Amundsen Blegen i 1864 husmannskontrakt til Simen Olsen og kona på plassen søndre Dammen. Samtidig fekk og Christian Larsen og kona husmannskontrakt på plassen nordre Dammen. I samband med folke- og jordbruksstillingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om Bleken nordre oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 192 mål, og av dette var 90 mål av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at på Bleken midtre, hos Hans, var dei tilsvarande areal 210 mål og 85 mål. Først på same måten var husdyrhaldet på Bleken nordre med plassar tilsm. 2 hestar, 21 storfe og 9 småfe, medan det på Bleken midtre med plassar var: 3 hestar, 22 storfe og 12 småfe. Ein har her på Bleikje elles eit godt døme på koss kjenningsnamn på gardane kan skifte frå tid til annan.

Hans Amundsen brukte midtre Bleken til i 1876, da han skjøta garden over til sonen Gunder Hansen for kjøpesum 1000 spd. og eit føderåd av 5-årleg verdi 490 spd. I samband med denne handelen lånte kjøparen Gunder Hansen 200 spd. av kvar av dei 4 søskena sine: Birte, Oline, Kristine og Ingvald tilsm. 800 spd. mot felles tinglyst obligasjon. – Vidare var det i den tid utskifting av Rindåsen sameigeskog, og i 1899 var det og utskifting og ordning av hamnetilhøva på setrane ”Stølen og Kinden m.fl. sætrene”.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkel skyld rekna i mark og øre, slik at det var 100 øre i 1 mark. Samtidig vart for dei gardane det her gjeld skriveforma av namnet endra til Bleiken. Vidare fekk ved matrikuleringa grd. Bleiken nordre gardsnummer 144 av samla matr.skyld 24,87 mark og det var i 1886 3 bruksnr. Under gardsnr. 144 Bleiken nordre. Det var: Grn. 144, brn. 1 Bleiken nedre av skyld 11,71 mark, som Kristen Kristoffersen var eigar eller brukar av, brn. 2 Bleiken øvre, skyld 12,99 mark, eigar eller brukar: Gunder Hanse, brn. 3 Lilleringen av skyld 0,17 mark, som Anne Andersdtr. da var eigar eller brukar av. – Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at gnr. 144 brn. 3 Lilleringen var overtatt av John Mathiassen.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 11 personar med røysterett på og/eller ved Bleiken nordre. Det var: 1. gardbr. Kristen Kr. Bleken, 7 år, 2. husmor Marie T. Bleken, 62 år, 3. rentenist Simen Kr. Bleken, 68 år, 4. malar Oskar I.O. Bjørnsen, Sagstuen, 31 år, 5. gardbr. Mathias Olsen, Lilleringen, 62 år, 6. tømmermann Mathias Kristensen, Rønningen, 57 år, 7. husmor Tonetta Pedersdtr. m kona hans, Rønningen, 57 år, 8. gardbr. Gunder H. Bleken, 67 år, 9. lærarinne Karen H. Bleken, 75 år, 10. arbeidar Lars Torgersen, Nyhus, 61 år, 11. husmann Ole Larsen, Dammen, 64 år. Ein merker seg at dette var i den tid da røysteretsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid med grn. 144 Bleiken nordre eller parsellar av gardane tek vi vidare med at i 1913 overtok så Hans G. Bleken gnr. 144 brn. 2 Bleiken nordre øvre etter faren Gunder Bleken; og vidare overtok i 1945 Kristen Blegen grn. 144 brn. 1 Bleiken nordre nedre etter fare Torleif Tollersrud.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette to gardsbruk under grn. 144 Bleken nordre med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på kvar for seg eit jordbruksareal på meir enn 10 mål (da). Dei var: 1. Grn. 144 brn. 1 Bleiken nordre med eit jordbruksareal på ca. 140 mål, som Torleif Tollersrud var eigar og brukar av, b. Grn. 144 brn. 2. Bleiken nordre med eit jordbruksareal på ca. 150 mål, som Hans G. Bleken var eigar og brukar av.

Når det gjeld opplysningar om slekta på Bleiken nordre i dei yngre ættledar viser ein elles til gardsarkiv på Bleiken-gardane.

Bleiken søre

Vi minner om at ved matrikuleringsa i 1668 var det Welbr. Oluff Rytters arvingar som var eigar både av nordre og søre Bleiken. Men 13. mai 1681 gav så hr. Amtmann Bielche skjøte til Jens Olufsen Unsum på ”søndre Blegind” av skyld 3 ½ hud. Garden kom elles snart på handel, og i 1714 var såleis Peder Toresen brukar av jordegods til 1 hud 9 skinn av ”Søndre Blegind”, som Povel Michelsen på Toten da åtte.

Ni år seinare kom matrikkelframleggjett av 1723 med fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er namnet på den garden det her gjeld skrive ”Bleegen”, og Bleiken søre var da delt i to like store bruk, kvart med ei landskyld av 1 hud 9 skinn. Vidare er det oppgitt at buskapen på søre Bleiken hos Tord Pedersen (Simenrud) var: 2 hestar, 18 naut, 14 sauher og 4 geiter, medan den på Bleegen hos Ole Christophersen Traasetter var: 2 hestar, 18 naut og 14 sauher. Om båe gardane Bleegen er det elles oppgitt at dei ligg i sollia og er lettbrukte, og at jordarten der er ”god og fruktbar”. Det er vidare fortalt at båe gardane hadde skog til brenneved og gjerdefang og seter med god hamn. Den årlege høyavlinga på kvar av gardane var kring 22 lass og den årlege utsæden av korn kring 4 ½ tønner bygg og litt rug. Båe brukarane var og jordeigande bønder og åtte gardane sine.

Av same året, altså 1723 er elles ei sak som her kan vera av interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Simenrud ødegård 25. mai 1723.

Åstedssak mellem enken Ingil Pedersdtr. og hennes sør sergeant Thord Blegen mot Siver Præsterud.

Ingil Pedersdtr. og hennes sør har stevnet Siver Præsterud fordi han velter sin aker inn på deres eng, skjønt det er gjerde imellom. Da akebakken er høi inn mot gjerdet og enga lavarar, velter jord og stien inn på enga og førårsaker skade.

Avsagt: Det er med vidnar bevist at Siver Præsterud eller formenn har inntatt et stykke av Simenrud ødegårds eng og at haffelden er flyttet. Videre har retten sett at gjerdet drager sig nedefter på engen til skade for denne på grunn av jord og sten som år etter år nedveltes. Da parterne skjønt de er søsken – ikkje har været å formål til forlik, så kjennes for rett at gjerdet mellom Simenrud og Præsterud skal flyttes dit hvor det fra gammel tid har stått, og Siver Præsterud utlegger igjen det som er inntaget. På de steder hvor akebakken ligger inn på gjerdet bør dette optages, akebakker udkjøres og gjerdet derefter opsettes på samme sted. Hvor det ikkje kan vedlikeholdes bør Siver Præsterud la være en smal renne mellom akeren og gjerdet. Siver Præsterud betaler omkostningene med 5 rd.”

Av ei sak frå 1736 går det tydeleg fram at Jens Pedersen hadde overtatt og budde på ”Søndre Blegen (Nedre Stue), og enka Malene Johansdtr. og sonen hennar Niels Nielsen hadde ”Søndre Blegen Øvre stue”.

Jens Pedersen, som var brukar på Bleiken søre i denne tid, var gift med Beret Olsdtr. sør Langset, og dei hadde 4 born. Dei var: 1. Peder f- 1728, 2. Ola f. 1731, 3. Kristen f. 1734, 4. Inger f. 1737, gift 1764 med Ole O. Flygstad. Ein har elles her det merkelege tilfelle at Kristen f. 1734 ved ei feilskriving ved dåpen er innført i kyrkjeboka med namnet Peder. Av 1749 er ei nærgåande sak mellom dei to grannane på søre Bleiken, der eit tingvitnemål m.a. fortel dette:

”Bleiken i Fåberg. 16. juni 1749

Jens Bleegen har innstevnt sin nabo Amund Bleegen ang. en mellom dem sluttet kontrakt om grd. Bleegen.

Vidnerne forklarte at Jens og Amund Bleegen i mars sistl. hadde været i et gravøl på grd. Simenrud, hvor de, da de var blitt noget beskjenkede hadde talt om den åstedssak de hadde

gående. Jens foreslog at den ene skulde kjøpe gården av den anden, for at de kunde få saken opphevet. Efter at de en stund hadde budt over hverandre, bød Jens 650 rd. for Amunds Gård, hvilket Amund ikkje ville byde over. Et vidne opplyste at Amund etter gravølet hadde sagt til sin kone at han hadde solgt gården til Jens.

Tingsvidnet sluttet.”

Dette førde vidare til ei sak som 30. juli same året vart dømt slik:

”Bleiken i Fåberg. 30. juli 1749

Amund Thoresen Blegen kontra Jens Blegen.

Avsagt: Efterat grd. Søndre Blegen som før kun var ett åsæte, i 1736 ble solgt til citantens formann Nils Blegens mor og kontracitanten Jens Blegen, hver halvdelen med 1 hud 9 skind, inngikk de to eiere Nils og Jens Blegen et forlik hvorved citantens søndre eller øvre part ble separert fra kontracitanten nordre eller nedre part. Likevel har Jens Blegen tid efter annen overtrådt dette forlik, idet han 1. har skåret en del av citantens aker, 2. Innhegnet 2 små engestykker av hans akerjorde, 3. tilstengt hans vei til stabur, kålhage og brønn, 4. forsømt å istandholde sin del av gjerdet, 5. innlagt Bakladeengen til sitt ekerjorde, 6. innhegnet utengen Lille Halvorsrud og oppbrutt en del aker, 7. oppsatt en haffelde mellom engen Halvorsrud og Veslehagen, 8. overskredet delet i Rødningen ved å slå gres av citantens søndre dele, 9.

Indlagt kalvløkken, 10. Innhegnet et stykke av Kirkejordet. Innstevnte har ikkje kunnet bevise at citanten har brukt kontrakten. Ti kjennes for rett: Contrakten av 1737 bør i alle måter stå ved makt. Jens Blegen bør bortføre sine innhegningars ved Bakladeenget, Lillehalvorsrud, Veslehagen, Kirkejordet og Kalvløkken som skal være til felles havning og bruk. Av årbytteslåttene skal enhver beholde sin hittil brukte del. Kirkegodset Sveen skal tilhøre begge parter til like bruk. Jens og Amund Blegen skal vedlikeholde hver sin del av gjerdet mellom deres akerjorder. Jens Blegen bør igjen utlegge 2 små stykker av sin fæhustumt som har innlagt av citantens aker.

Jens Blegen betaler 50 rd. til citanten for skade og omkostninger.”

Fire år seinare var det elles i 1753 ei ny rettssak mellom dei to grannane, og det var da Jens Blegen som hadde innstemnt Amund Blegen for ”den skade som er tilføiet Citantens aker i årene 1750, 51, 52, 53 og på grunn at en del gjerder er nedkastet, og fordi innstevnte ikkje har latt vokte sine kreaturer.”

Samtidig, eller rettere i 1754, førde så dei to stridande grannane ”Jens og Amund Søndre Blegen” sak mot ”Thore og Peder Nordre Blegen” om ”hugst i citanternes hjemmehage.”

Året etter gav 14. april 1755 Amund Thoresen Blegen skjøte til Jens Pedersen Blegen på grd. ”Søndre Blegen øvre stue, skyld 1 hud for 800 rd.” Dermed hadde altså Jens Pedersen etter samla Bleiken sore av skyld 3 ½ hud på si hand. Samtidig lånte så Jens Pedersen Blegen 1100 rd. av Fåberg kyrkjekasse ”imot de 2 gårdeparter Søndre Blegen av skyld 3 ½ hud til pant.” Ni år seinare skjøta så den velkjende husbonden Jens Blegen ættegården Bleiken sore over til yngste sonen sin Christen (Peder) Jensen for kjøpesum 1700 rd. Mot dette skjøtet protesterte Even Christensen Langset, men handelen kom likevel til å stå ved lag.

Christen Jensen Blegen f. 1734, som da tok over som eigar og brukar av Bleiken sore, var gift med Anne Østensdtr., og dei fekk 6 born. Det var: 1. Ole f. 1767, 2. Østen f. 1768, gift 1804 med Kjersti Andersdtr. Mælum, 3, Jens f. 1771, død 1772, 4.. Jens f. 1773, 5. Berte f. 1775, 6. Amund f. 1780, død 1780.

År 1788 vart heimen råka av den store sort at husmora Anne Østensdtr. døde, og 7. april 1789 var det skifte på ”Bleiken i Faaberg” i samband med dødsfallet. Ved dette skiftet vart jordgodset Bleiken av skyld 3 ½ hud taksert for 1600 rd. Arvingane var forutan enkemannen

Christen Jensen dei 4 borna som da var i live. Ein merker seg elles at ved skiftet er dottera kalla Berit og ikkje Berte.

Christen Jensen gifta seg ikkje oppatt og brukte garden sjølv til 1794, da han skjøta ”grd. Søndre Blegen, skyld 3 huder 6 skind”, til eldste sonen Ole Christensen for kjøpesum 1600 rd. + for lausøyre 299 rd. tilsm. 1899 rd.

Ole Christensen f. 1767 som dermed tok over som husbond på ættagarden, gifta seg I 1793 med Berit Eriksdtr. Øverjørstad, og dei fekk 7 born. Dei var: 1. Anne f. 1793, død 1801, 2. Christian f. 1795, 3. Marte f. 1797, g. 1818 m. Ole Iversen Naarstad, 4. Østen f. 1800, 5. Simen f. 1803, 6. Anne f. 1806 g. 1825 m. Kristian Amundsen Forseth, 7. Johanne Erika f. 1811, død 1817.

Ole Christensen hadde elles ikkje garden sore Bleiken samla lenger enn i fem år. Da gav han skjøte på ”den søndre og halve part i grd. søndre Blegen, skyld 1 hud 9 skind for 1150 rd.”

Vidare skulle Østen ha rett til å bruke ein del av husa både heime og på garden og på setra.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 tre familiar på Søndre Bleiken sore og 2 familiar på Søndre Bleiken nordre. Dei fem familiene var:

På Søndre Bleiken sore:

1. familie: 1. Østen Christensen, ”Trompeter og Gaardbeboer”, 32 år, 2. Peder Olsen, tenestkar, 21 år, 3. Jens Christensen, tenestkar, ”Portraitmaler”, 25 år, 4. Anne Halvorsdtr., tenestkvinne, 20 år, 5. Dorte Olsdtr., tenestkvinne, 27 år, 6. Christen Jensen, far til husbonden, føderådmann, 67 år.

2. familie: 1. Syver Olsen, husmann med jord og skreddar, 26 år, 2. Aasta Halvorsdtr., kona hans, 29 år, 3. Anne, dotter deres, 3 år, 4. Martha, dotter deres, 1 år.

3. familie: 1. Ole Larsen, ”nyder Legd”, 66 år, 2. Anne Olsdtr., kona hans, 63 år.

På Søndre Bleiken nordre:

1. familie: 1. Ole Christensen, ”Dragon, Bonde og Gaardbeboer”, 34 år, 2. Berit Erichsdtr., kona hans, 27 år, 3. Anne, dotter deres, 8 år, 4. Christian, son deres, 6 år, 5. Marta, dotter deres, 4 år, 6. Østen, son deres, 1 år, 7. Ole Knutsen, tenestkar, 21 år, 8. Ole Olsen, tenestkar, 20 år, 9. Ole Larsen, tenestkar, 15 år, 10. Kjersti Knudsdtr., tenestkvinne, 24 år, 11. Marit Pedersdtr., tenestkvinne, 21 år.

2. familie: 1. Christian Olsen, husmann med jord, ? år, 2. Chirsti Monsdtr., kona hans, 48 år, 3. Berit Christensdtr., dotter deres, 11 år, 4. Ingebor Christensdtr., dotter deres, 8 år.

To år seinare gav elles Østen Christensen skjøte tilbake til eldste broren Ole Christensen på Søndre Bleiken sore av skyld 1 hud 9 skinn for kjøpesum 1799 rd. Dermed var altså sore Bleiken av samla skyld 3 huder 6 skinn etter på den rette odelsmann Ole Christensen si hand som før 1799. Etter dette brukte Ole Christensen Blegen etter ættagarden Søndre Blegen samla til i 1807, da han skjøta garden over til Jon Torgersen Opsahl frå Gausdal for kjøpesum 5199 rd. og føderåd for resten av levetida til Ole Christensen og hustru Beret Eriksdtr.

Om knute på tråden mellom husbond o føderådmann fortell ei sak frå sore Bleiken i åra 1814-15. Husbonden Jon Torgersen Blegen hadde 3. oktober 1814 innstemmt Ole Christensen Blegen for ”for fornærmelig forhold mot citanten”. Innstemte møtte og sa at citanten ikkje hadde oppfylt pliktene sine mot han etter det oppsette føderådsbrevet. Saka var føre på fire tingmøte, men vart så ordna ved forlik i juli 1815.

Meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om garden Blegen Søndre oppgitt at buskapen av store husdyr da var 7 hestar og 34 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 100 tønner. Vidare er det opplyst at sore Bleiken da hadde 4 husmannsplassar med brukande jord.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skyldalar, ort og skilling. ”Bleken søndre” fekk da som si nye

matrikkelskyld: 18 skylddalar 3 ort og 22 skilling, og eigar og brukar av garden var framleis John Torgersen.

John Torgersen Blegen som var ein personleg kristen og stod Hauge-rørsla nær, var i ei årrekke prestens medhjelpar for Rudsygden og Bakernes distrikt. Ei sak som han tok opp i Sognecommissionen karakteriserer sikkert John Blegen godt. Det skriftlege framlegget hans for Sognecommissionen hadde denne ordlyden:

”I en Rekke af Aar er vi bleven overtydede om, at saasnart Guds Velsignelse ved en rigelig Høst er indsamlet, og saavidt Tid gives, begynder saavel Husmænd som og en Deel Gaardmænd heraf Sognet at tilvirke BrændeViin og strax derpaa at holde Dans eller Gille, i Hensigt at faae denne Gift fortærret, hvoraf Følgen bliver at Ungdommen forføres, Tjenestetyendet bringes i Uorden, og ikkje sjeldent hvad Drengene angaaer, har endog førend Aaret er omme sin Løn fortærret, i disse Selskaber, der saaledes baade i moralsk og oeconomisk Henseende ere lige fordærvelige. At dette Uvæsen, ogsaa nu efterat vi Gud skee Tak har indbierget en rig Høst, drives her i Sognet, og det i Almindelighed af Folk der ikkje yde det mindste til Statscassen for denne saakaldte Næring, er Eder vel alle bekjendt, ligesom at det snarere synes at være i Til – end Aftagende. Vel har vi Love der bestemmer Pengemulct eller Straf for BrændeViinsbrænden og Udsalg af dertil überettigede, men da saadant skjeldent angives gaaer den Skyldige i Almindelighed fri. For om mulig at standse dette Uvæsen giver jeg mig herved den Frihed for den ærede Sogne commission at foreslaae. –

1. Commissionen fatter den Beslutning at enhver Gaardemand i Sognet som holder Dans hvori sælges BrændeViin, erlægger til Sognets Fattigkasse 5 Spdr. og hver Husmand som paa lignende Maade gjør sig skyldig 2 Spdr. –
2. Det skal paaligge enhver Medhjelper som Pligt, at angive den eller de Gaardmænd som heri gjør sig skyldige, til Sognepræsten eller Lænsmanden, hvorimod det skal paaligge enhver Gaardbruger som Pligt at angive de Husmænd paa hans Grund, som gjør sig skyldige i lignende Brøde, eller i modsat Fald selv betale for Husmanden.
3. Commissionens Formand besørger denne Beslutning bekjendtgjort for Menigheden til enhvers Underretning. –

Nordrejørstad den 29de Novemb. 1832.

John Blegen”

Som svar på framlegget gjorde så Sognecommissionen dette vedtaket:

”Dette Forslag approberes herved af Stædets Sognepræst som Sognecommissionens Formand, og skal af denne Convention utstædes til Enhver af medhjelperne en verificeret Gjenpart til Kundgjørelse for samtlige Gaardbrugere i deres District, og ved dem til samtlige Husmænd inden St. Thomas Dag næstkommende.

C.W. Kamstrup.”

I 1845 skjøta den aktive og kjende John Blegen grd. sore Bleiken over til sonen Torger Johnsen, som og var ein aktiv og velkjend haugianar. Han var såleis og den første formannen for Indremisjonen i Gudbrandsdalen.

I 1850-60-åra er fleire av husmannsplassane ved sore Bleiken nemnde. I 1856 gav såleis Torger Bleken husmannskontrakt til Christen Torgersen og kona på ”en Plads kaldet Tomasstuen”, og i 1869 fekk Engebret Kristensen og kona hans forpaktingskontrakt på plassen Nysveen.

I samband med folke- og jordbruksstellingane i 1865 vart det publisert fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om ”Blegen, sondre”, fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 395 mål, og av dette var 168 mål jord av 1.

klasse. Samtidig er det og opplyst at buskapen på sjølve garden Bleiken sore da var 7 hestar, 33 storfe og 22 småfe, men dertil var husdyrhaldet på husmannsplassane ved Søre Bleiken til saman 8 storfe og 16 småfe. Ført på same måten var utsæden på sjølve garden Bleiken sore: 18-10 tønner korn og 11 tønner settepøteter; men dertil var utsæden på husmannsplassane til saman 4 tønner orn og 8 tønner settepøteter.

Vidare var det i 1850-70-åra fleire utskriftingar av sameigemark og –skog, der Bleikengardane og hadde gamle bruksrettar. I 1854 vart det såleis tinglese utskrifting av Faaberg Vestfjeld, og i 1870-71 var det utskrifting av ”Skjelbrei- og Aalkjermarkens Sameieskov”. Av 13. desember 1880 er ei tinglyst semje mellom sore Flugstad, sore Flugstadhaugen, sore Bleiken og Prestrud ang. ”Veigreggsle”.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer. Bleiken søndre fekk da gardsnr. 145 av samla skyld 24,71 mark, og det var da Ole Torgersen som hadde overtatt ættegarden sore Bleiken.

Ved kommunevalet i 1907 budde det 5 personar med røysterett på og/eller ved sore Bleiken.

Det var: 1. gardbrukar Ole T. Bleken, 51 år, 2. husmor Johanne L. Bleken, 39 år, 3.

føderådkone Mari H. Bleken, 4. Ole Matiassen, Tomasstuen, 30 år, 5. husmor Marta Larsdtr. Ein merker seg elles at dette var i den tid da røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid med grd. Bleiken sore og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1924 overtok så sonen Torger Blegen f. 1899 ættegarden Bleken sore etter foreldra Ole Bleken og Johanne f. Moe. Vidare kjøpt ei 1926 Ole Grothe grn. 145 brn. 2 Nysveen av skyld 0,71 mark, og ti år seinare selde i 1936 husbonden Torger Bleken eit bruksnr. 4 Høystad av skyld 0,65 mark til Sverre Stuksrud. Same året kjøpte og Thomas Rud parsellen grn. 145 brn. 5 Halvorsrud av skyld 0,50 mark.

Etter dette var det jordbruksregistreringa av 1939 fire bruksnr. med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei var: 1. Grnr. 145, brn. 1 Søndre Bleken med eit jordbruksareal på 220 mål, som Torger Blegen framleis var eigar og brukar av, b. grnr. 145 brn. 1 Ringen, jordbruksareal ca. 16 mål, som Nils Pettersen var brukar av, c. brnr. 2 Nysveen med jordbruksareal på ca. 40 mål, som Ole Grothe var eigar og brukar av, d. Brnr. 3, 4 Høystad, jordbruksareal kring 40 mål, som Sverre Stuksrud var eigar av.